



Paul Kaarbø Hermansen  
Lyngbøveien 103  
5164 LAKSEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/543 - 19/19237

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

12.09.2019

## Melding om bygning eller tilbygg som er unntatt søknadsplikt GBNR 52/29


Viser til innsendt melding om planlagt bygning på 52/29.

Dersom bygning kan setjast opp utan søknad, skal melding om bygning sendast til kommunen for registrering i kart og matrikkel, etter at bygget er sett opp.

Slik bygget du har meldt inn er beskrive, er dette ikkje eit bygg som kjem inn under bestemmelsar for bygg unntatt søknadsplikt. Dette både med tanke på type bygg (innhald) og plassering i høve byggeforbod i strandsona.

Frå byggesaksavdelinga er tiltaket vurdert slik:

Den omsøkte eigedomen er uregulert, og satt av til LNF spreidd-fritidsbustad i KPA, jf. tabell 9.2 til KPA si føresegn 3.2.3.



### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Ei hagestove med kjøkken og våtrom vert rekna for eit anneks, og er dermed ikkje unntatt frå søknadsplikt etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 a).

Tiltaket er dermed søknadspliktig.

Når tiltaket er vist med kjøkken og våtrom er det ikkje eit tiltak tiltakshavar sjølv kan søkje om, jf. Sak10 § 3-1 a).

Tiltaket er dermed søknadspliktig med krav om ansvarleg foretak.

Ettersom tiltaket er søknadspliktig med krav om ansvarleg foretak, er det heller ikkje i tråd med eksisterande bruk (LNF spreidd-fritidsbustad), jf. føresegn 3.2.2 til KPA.

Tiltaket krev dermed dispensasjon frå arealformålet LNF.

Som vist på kartet over ligg heile eigedomen innanfor byggjeforbodet i strandsona. Tiltaket krev difor også dispensasjon frå byggjeforbodet.

Viss tiltaket vert redusert, slik at det ikkje har våtrom/kjøkken, er tiltaket unntatt frå søknadsplikt viss det er innanfor denne storleiken:

a. Frittliggende bygning på bebygd eiendom som ikke skal brukes til beboelse, og som verken har et samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) på over 50 m<sup>2</sup>. Mønehøyden skal ikke være over 4,0 m og gesimshøyde ikke over 3,0 m. Høyde måles i forhold til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Bygningen kan oppføres i én etasje og kan ikke underbygges med kjeller. Tiltaket kan plasseres inntil 1,0 m fra nabogrense og annen bygning på eiendommen. Bygningen må ikke plasseres over ledninger i grunnen.

Men: Tiltaket vil uansett krevje dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona.

Etter dette kan bygget ikkje registrerast som bygg utan søknadsplikt. De kan ta kontakt ved byggesaksavdelinga ved eventuelle ytterlegare spørsmål i saka.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

